



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 14.06.2017
Tid: 15:00 – 19:15

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
-------------	-----------------	----------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
-------------	------------------	----------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Svein Dale Soleng	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Torgeir Steien	Avd leiar plan og miljø
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef (til kl. 18:00)

Wenche Tislevoll
Ordførar

Bente Fitjar
Møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 38/17	Godkjenning av protokoll	
PS 39/17	Sommarfullmakt 2017	
PS 40/17	Finans- og gjeldsforvaltningsrapport 1.tertial 2017	
PS 41/17	Stillinga som rådmann	
PS 42/17	Mogeleg eigedomssal	
PS 43/17	Godkjenning av investering - aktivitetsområde Fitjarstølane barnehage	
PS 44/17	Årsmelding og årsrekneskap 2016	
PS 45/17	Revidert budsjett 2017	
PS 46/17	Ymse	
PS 47/17	Meldingar	
PS 48/17	Tap på krav	X

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

PS 38/17 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 14.06.2017:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 39/17 Sommarfullmakt 2017

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Kommunestyret gir ordførar fullmakt til å avgjera saker som det må takast stilling til i sommarferien 2017.

Formannskapet/kommunestyret skal ha melding om saker som vert avgjort i medhald av fullmakta i første møte etter ferien.

Behandling i Formannskapet - 14.06.2017:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Kommunestyret gir ordførar fullmakt til å avgjera saker som det må takast stilling til i sommarferien 2017.

Formannskapet/kommunestyret skal ha melding om saker som vert avgjort i medhald av fullmakta i første møte etter ferien.

PS 40/17 Finans- og gjeldsforvaltningsrapport 1.tertial 2017

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å ta finansforvaltningsrapporten til vitande.

Behandling i Formannskapet - 14.06.2017:

Tilråding: (Samrøystes)

Kommunestyret tar finansforvaltningsrapporten til vitande.

PS 41/17 Stillinga som rådmann

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 14.06.2017:

Formannskapet drøfta korleis ein skal handtera tilsettingsprosessen, og la føre følgjande felles framlegg til vedtak:

Arbeidet med stillingsutlysinga skal gjerast av ei gruppe med 3 deltakarar frå formannskapet, ein frå dei tilsette og ein frå administrasjonen. Ordførar Wenche Tislevoll, varaordførar Agnar Aarskog og Sigurd Andre Maraas representerer formannskapet. Formannskapet ynskjer ikkje å bruka konsulent i første omgang, men nytta vanleg utlysing. Utlysinga bør gjerast i august/september med 20 dagars frist.

Vedtak: (Samrøystes)

Arbeidet med stillingsutlysinga skal gjerast av ei gruppe med 3 deltakarar frå formannskapet, ein frå dei tilsette og ein frå administrasjonen. Ordførar Wenche Tislevoll, varaordførar Agnar Aarskog og Sigurd Andre Maraas representerer formannskapet. Formannskapet ynskjer ikkje å bruka konsulent i første omgang, men nytta vanleg utlysing. Utlysinga bør gjerast i august/september med 20 dagars frist.

PS 42/17 Mogeleg eigedomssal

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner prinsipielt eit sal av tilleggsareal til gnr 65, bnr 297 v/Kjell Træet, på vilkår som nemnt i saka.

Ordførar får fullmakt til å laga endeleg avtale, og gjennomføra salet.

Behandling i Formannskapet - 14.06.2017:

Formannskapet drøfta saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 43/17 Godkjenning av investering - aktivitetsområde Fitjarstølane barnehage

Framlegg til vedtak/tilråding:

1. Formannskapet gjev Rådmannen løyve til å setja i verk investeringa for aktivitetsområdet ved Fitjarstølane barnehage kostnadsrekna til kr 583.032,-
2. Løyve vert gitt med atterhald om at Kommunestyret ved handsaming av revidert investeringsbudsjett for 2017 gir ei tilleggsøyving på kr 83.032,-

Behandling i Formannskapet - 14.06.2017:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 44/17 Årsmelding og årsrekneskap 2016

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:
Fitjar kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2016.

Fitjar kommunestyre disponerer årets mindreforbruk slik:
1,8 mill. vert sett av på ubunde driftsfond flyktningar.
7 098 347,- vert sett av på disposisjonsfond.

Behandling i Formannskapet - 14.06.2017:

Rådmannen orienterte om at siste lina i tilrådinga har skrivefeil, rett tal skal vera 6 098 347,-.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2016.

Fitjar kommunestyre disponerer årets mindreforbruk slik:
1,8 mill. vert sett av på ubunde driftsfond flyktningar.
6 098 347,- vert sett av på disposisjonsfond.

PS 45/17 Revidert budsjett 2017

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta revidert budsjett 1A, 1B og 2B som vist i vedlegg.

Kommunestyret aukar låneramma til investeringar med 4,74 mill. til 27,94 mill.

Behandling i Formannskapet - 14.06.2017:

Rådmann Atle Tornes orienterte om endringar som er lagt inn i revidert budsjett, og svara på spørsmål frå formannskapet.

Skulesjef John Karsten Raunholm orienterte om endringar innafør skule og oppvekst, og svara på spørsmål frå formannskapet.

Formannskapet bad om å få ein gjennomgang/orientering om endringane i budsjettet for pleie og omsorg, og at denne vert sendt til kommunestyret.

Representanten Arne Prestbø (H) spurde kva som ligg att av rekreasjon tettstad dersom forslaget vert gjennomført.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) bad om å få presisert punkt i revidert budsjett som har verknad for langtidsplanen for dei næraste par åra.

Formannskapet etterlyste prioritering av eventuelle tilleggsinvesteringar på FBB.

Fram mot kommunestyret vil administrasjonen freista å utarbeida ei oversikt over alle endringar i budsjettet, saman med ein enkel langtidsplan. Administrasjonen vil og gje ei prioritering av tiltaka på FBB.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Kommunestyret vedtek revidert budsjett 1A, 1B og 2B som vist i vedlegg.

Kommunestyret aukar låneramma til investeringar med 4,74 mill. til 27,94 mill.

PS 46/17 Ymse

Behandling i Formannskapet - 14.06.2017:

Rådmann Atle Tornes orienterte om at det må konstituerast rådmann når han har permisjon i august. Ordførar har fullmakt.

Spørsmål frå representanten Sigurd André Maraas (FRP):

Hei Tore. Eg har tidligere vert i kontakt med deg om dette.
Kan de ta ein tur med asfaltlegging i hullene på Sæterbøvegen?

Ber og om at det blir gjort fagmessig med tromling etter asfalten er lagd i hulla, og med ein skoren kant for å øke varigheten av reperasjonen.

Kan de og vurdere strakstiltak for å midlertidig utbedre enkelte deler av veien som har verst standard?

Eg meiner at her kreves tiltak snarest.

No har minst ein bil fått skader som følge av dårlig vei, å eg ber i samme sleng om svar på kven som har ansvaret når bruk av den kommunale veien forårsaker dokumenterbare skader på kjøretøy som benytter veien.

Noko eg vil komme tilbake til i neste formannskapsmøte.

Fleire brukere av veien har no kontakta meg om dette, å eg opplever deler av veien som bortimot ikkje kjørbar.

Svar frå Tore Nesbø:

Før ein svarar på spørsmåla, vil det vere rett å sjå litt på bakgrunnen.

Fitjar kommune har hatt vedlikehald av Sæterbøvegen i ca 30 år, bakgrunnen for dette var at Sæterbø vart mykje nytta som utfartsveg, og Kommunen fekk og løyve til å anleggja ein parkeringsplass på enden av vegen. I dei seinare åra har behovet for Sæterbøvegen som utfartsveg minka, då det er etablert turutgangspunkt, med parkeringsplassar ved Rydlandssage, Dalshaugane, Vassveket på Rimbareid, Olstjørn, og ved Vistvik.

Problemet med Sæterbøvegen er at den vart i si tid bygd som gardsveg, og på ingen måte er dimensjonert/underbygd for den næringstrafikk som vegen vert belasta med pr. i dag. Dette ser ein enkelt med å sjå på den kraftige sporkjøyringa ein finn i heile lengda av den asfalterte vegbanen.

Den gode løysninga for denne vegstrekningen ville difor vere å skifte ut massane i veggrunnen, og erstatta dei med eit bærelag som er berekna for den trafikken som faktisk går på vegen. Dette er sjølvsagt ei dyr løysing, ei rimelegare alternativ, men ikkje like haldbart, er å sporleggje vegen samt armere, og lime ned eit nytt lag med asfalt.

I lista for vedlikehald og reasfaltering av vegar 2014-2017 var Sæterbøvegen set opp med kr 600.000,- i 2017 seinare er dette beløpet sett til 100.000,- med gjennomføring i 2018.

Spørsmål;

1. Sæterbøvegen vert jamnleg lappa av Fitjar kommune 2. Asfaltmasse som vert lagt vert komprimert 3. Strakstiltak vil vere å sporleggje den asfalterte delen av vegen (lagt inn 100.000 på budsjett for 2018) 4. Når det gjeld skade på kjøretøy på privat veg der kommunen har vedlikehald, så vert dette juss som underteikna ikkje kan gi svar på.

Vonar dette kan gi litt avklaring på problema på Sæterbøvegen.

Spørsmål frå representanten Sigurd André Maraas (FRP):

På industriområdet i Årskog ligg ein del søppel og flyt, kan kommunen rydda opp i dette?

Svar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Kommunen skal ta ei synfaring og vurdere tiltak.

Spørsmål frå representanten Sigurd André Maraas (FRP):

Det var lova ei oppgradering av kaien i Årskog, kan ikkje sjå at dette vedlikehaldet er gjort noko med?

Svar frå rådmann Atle Tornes:

Grunna utleige av kaien er oppgradering utsett til leigetilhøvet vert avslutta. Leigetakar vil då bidra noko til fending.

Spørsmål frå representanten Sigurd André Maraas (FRP):

Hei, eg ønsker ei grundig orientering i formannskapet på onsdag om den situasjonen som oppsto på trappa utforbi rådhuset på fredag.

Der tre demonstranter klagde sin nød om kor felt dei hadde det.

Ei handling som vekker irritasjon og avsky hos mange som står utforbi situasjonen og ser på dette.

Har derfor følgende spørsmål til formannskapet:

1. Kva er egentlig problemet til denne familien?
2. Kva har kommunen gjort for å løyse det?
3. Vil problema løyse seg?
4. Kva kan me gjera for å etterkomme deira ønske om å flytte til ein annan kommune?
5. Det er ein skammelig påstand av desse personene å hevde at Fitjar kommune ikkje følger lover og regler, men kva har kommunen tenkt å foreta seg for å tilbakevise dette?
6. Kan me få ein status om resten av flyktningssituasjonen i kommunen? Korleis går det med dei andre familiene som er kommen? Har dei lignende problem og ønsker?

Rådmann Atle Ternes og ordførar Wenche Tislevoll (H) svara generelt vedk. opplysningar som ikkje er unnateke offentlegheit.

Generelt kan ein seie at Fitjar kommune har bygd opp eit stabilt og godt tenesteapparat for busetjing av flyktningar. Før me starta med å ta imot flyktningar vart det fremja politiske saker, også utarbeidd nokre retningslinjer for kva me skal leggje til rette og kva standard ein skal leggje seg på i høve etablering i bustad osv.

I botn for arbeidet ligg lovverket om Introduksjonsordninga som inneber plikter og rettar for flyktningane, og samarbeid mellom kommune og NAV. Me har 2 år som erfaring i arbeidet, og haustar både ros og ris som i alt anna arbeid. Det er klart det er utfordringar i arbeidet, både når det gjeld kultur, helse, vaksenopplæring, forventningar til kommunen/NAV systemet, osv. Nokre av flyktningane har meir utfordringar enn andre, men me gjer sjølsagt alt me kan for å imøtekoma kvar einskild sine behov.

Svar på sp.m. 4:

Fitjar kommune har ikkje vore kjent med at denne familien ynskjer å flytte til ny kommune.

Alle flyktningane får tildelt EIN busettingkommune. Etter Lov om introduksjonsordninga så har dei rett og plikt til å vera i Introduksjonsprogrammet i 2 år. Etter den tid skal jo målet vera arbeid. Men ein ser av erfaringar at NAV og kommune må jobbe ilag med overgangsordningar dei neste åra. Kommunen får tilskot i 5 år, men mindre dei 3 siste åra. Dersom dei vel å flytte til ein annan kommune før 2 år, så kan dei miste retten til varig opphald. Om dei flytter både før eller etter 2 år, så mister dei og økonomiske rettar, og får verken introstønad eller sosialhjelp.

Om dei skal behalde rettane sine, må kommunen bli enig om flytteavtale med ein eventuell ny kommune, såkalla sekundær busettingskommune. Det er veldig få kommunar i landet som tillet sekundær busetting. Å opne for det vil få konsekvensar iallfall for dei store kommunane. Alle flyktningane får grundig info om dette før dei kjem, og har også fått det her under norskopplæringa.

I praksis kan dei berre flytte dersom dei klarer å skaffe seg jobb i ein anna kommune dei 5 første åra.

Svar på sp.m. 6

Det er ein familie til som ønskjer sterkt å flytte nær andre slektningar. Derfor har me undersøkt dette med flytting nøye i det siste. Det har og vore andre som me kan seie har ymta om at dei vil flytte nærare familie.

Dei 2 første familieane er no ferdig med 2 år, og ein er i gong med planer for vidare opplæring og mål om arbeid. Me ser at dei er godt integrerte. Me kan vel seie at resten av arbeidet går bra. Det vil jo alltid vera utfordringar i dette arbeidet som i alt anna, men som me tar tak i og prøver å finne gode løysingar på etter kvart.

Møtet vart lukka, jfr. offl. § 13/fvl § 13 om personopplysningar, for å kunna svara på resten av spørsmåla.

PS 47/17 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 14.06.2017:

Meldt i møtet:

- Brev frå fylkesmannen dat. 06.06.17: Budsjett og økonomiplan 2017-2020
- Melding om skatteinngang april og mai 2017 – rådmannen kommenterte skatteinngangen og svara på spørsmål frå formannskapet
- Takkebrev frå Stord-Fitjar Turlag
- Status arbeidsgruppe, Fitjar frivilligsentral
- Ny avgift på oppdrettsfisk (NTB) – ein avventar vedtak i Stortinget
- Folketal pr. 1. kvartal
- Notat: Omtaksering av eigedomar i samband med eigedomsskatt m/vedlegg – rådmannen orienterte om at Fitjar kan nytta eksisterande takstgrunnlag dei første åra framover
- Lerøy Sjøtroll – utbygging ved Kjærelva
- Midtfjellet vindkraft AS, fase 3 – ordføraren refererte frå Bergens Tidende at investeringa er på 360 mill.

Orienteringar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

I tiltaksplan for Fitjarfjellet vert det jobba med bl.a. universell tursti rundt Olstjødno og gapahuk ved Kidnavatnet. Snøkanoner, skibakke/akebakke o.l. er også under vurdering. Nytt turkart over Stord og Fitjar er snart å få kjøpa. Informasjonsskilt ved Olstjødno er under arbeid, og merking og skilting av turløyper er i gong.

Reiselivssatsing – Atheno og kommunen arrangerte workshop reiseliv 23. mai på PS Bryggekafeen. Dette vil danna grunnlag for vidare arbeid.

Rådmann Atle Tornes orienterte om status på tomtosal i Fitjarstølane og på Vestbøstad.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 48/17 Tap på krav